

# Tevlingsreglement for tevlingar i regi av FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

Revidert av styret i FolkOrg 05. desember 2024.

## A. Generelle reglar

### 1. Føremål

FolkOrg og medlemslaga kan skipe til tevlingar for å styrke folkemusikken og folkedansen i Noreg. Føremålet med tevlinga er:

- å gjere songen, musikken og dansen betre kjend
- å lage ein møtestad for vener av norsk folkemusikk og folkedans
- å motivere dei aktive til å betre prestasjonane sine

### 2. Gyldigheit

Reglane gjeld for alle tevlingar i regi av FolkOrg eller medlemslaga. Medlemslaga kan gjere unntak frå regelverket eller tilpasse regelverket for sine arrangement på andre måtar.

### 3. Ansvar

- Styret i FolkOrg er hovudansvarleg for reglementet og har det avgjerande ordet i eventuelle tvistar i samband med reglementet.
- Styret i FolkOrg kan gjere unntak frå dette reglementet ved einskildvedtak.
- Arrangørar av lokale kappleikar har sjølv ansvar for tilpassing av reglementet, gjennomføring av det enkelte arrangement og for eventuelle tvistar om arrangementet.
- Den lokale arrangøren har ansvaret for å leggje tilhøva til rette slik at både den musikalske og tekniske gjennomføringa av tevlingane er sikra på best mogleg måte, og for at utøvarane blir sleppte fram på scena ifølgje reglementet.

### 4. Utøvarane

- Alle deltakarane på tevlingar i regi av FolkOrg må vere medlemmer i FolkOrg.
- Utøvarane godtek desse føresegnene, vilkåra for dømning og dommarane sin dom når dei deltek på tevlingar i regi av FolkOrg.
- Det er same avgift per deltakar og per klasse anten ein deltek i lagdans, lagspel, grupper, open klasse, pardans eller individuell tevling. Juniorar/C-klassingar har lågare deltakaravgift enn seniorar, dvs. D-, B-, og A-klassingar.
- Synleg rusa utøvarar blir nekta å delta.
- Junior- og C-klassene er for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18 år.
- Juniorar og C-klassingar kan stille i klasse senior om dei ønskjer det, men dei kan ikkje stille i begge klasser med unntak av lagdans og lagspel.
- I klassene for junior lagspel, junior samspel og junior lagdans kan deltakarane vere yngre enn 12 år. Ingen over 18 år kan delta i desse klassene. Det blir ikkje gjort unntak for musikalsk leiar/danseleiar.
- På Landskappleiken og Landsfestivalen er det ikkje høve til å delta i solo-klassar meir enn ein gong med same instrument. I lagspel, gruppespel og andre samspel-klassar kan ein delta fleire gonger med same instrument.
- Ein kan delta fleire gonger i lagdans.

### 5. Tevling

- Tevlingsnummer på tevlingar i regi av FolkOrg skal vere folkemusikk som har vore i tradisjonell bruk i Noreg, eller som er laga i tradisjonell stil. I danseklassar deltek ein med bygdedans/gammaldans som har vore i tradisjonell bruk i Noreg.

### 6. Dømning

- Kvar tevlingsgrein blir dømt av tre dommarar.
- Super-D på Landskappleiken vert dømt av ei felles dommarnemnd.
- Junior-klassane på Landsfestivalen i gammaldansmusikk vert dømt av ei felles dommarnemnd.
- Det er FolkOrg som set saman dommarkollegia på Landskappleiken og Landsfestivalen.
- Det skal vere dansekompetanse i dommarpanelet i alle seniorklassene på Landsfestivalen.
- Styret i FolkOrg utarbeider dommarskjema som skal nyttast i dei ulike klassene.
- Dommarane kan ikkje dømme soloutøvarar og pardansarar dei er i nær slekt med, og blir da rekna for inhabile. Som nær slekt reknar ein foreldre, besteforeldre, barn, søsken, ektefelle/sambuar.
- Dommarane har ikkje høve til sjølve å seie seg inhabile av andre grunnar, t.d. venskap, lagstilknytning og liknande.
- Ingen dommarar er inhabile til å dømme lag eller grupper.

- Ein inhabil dommar forlèt lokalet under dømminga av den aktuelle deltakaren. Den samla poengsummen frå dei dommarane som sit att, blir delt på det talet på dommarar som faktisk har dømt, og multiplisert med talet på fullt dommarkollegium.
- Ein dommar kan ikkje sjølv delta i den tevlingsgreina der han er medlem av dommarkollegiet.
- I alle klassar skal deltakarane rangerast med poengsummar, med unntak av pardansklassa på Landsfestivalen. I denne klassen vert alle finalistane rangert, medan dei resterande deltakarane blir sette opp i alfabetisk rekkjefølgje.
- Ingen deltakarar har krav på munnlege eller skriftelege kommentarar utover poengsum og rangering.

## 7. Finalar

- Styret i FolkOrg bestemmer kva for klassar det skal vere finalar i på Landskappleiken, sjå finaleoversikt under punkt 15.
- Dersom Slottet tildeler FolkOrg Kongepokal i ei klasse, lyt det vere finale i denne klassen.
- Prinsipielt kan det vere finale i alle klasser, men klassa må ha minimum sju deltakarar for at det skal bli arrangert finale.
- Finalistane tek ikkje med seg poengsummen frå kvalifiseringa inn i finalen.
- Finalistane blir rangert utan poengsummar.
- Det er to typar finalar: konsertfinale (publikum sit) og dansespeelfinale (publikum dansar).

## 8. Premiering

- Alle juniorane skal ha deltakarpremie. For seniorklassene avgjer den lokale arrangøren om det skal vere deltakarpremie.
- Berre dei tre beste i kvar klasse skal ha premiar.
- I pardans skal paret ha kvar sin premie.
- I alle klasser der det er finale, skal dei tre beste ha pengepremie. Pengepremiene kjem i staden for annan premie. Storleiken på pengepremien blir vedteken av den lokale arrangøren i samråd med styret i FolkOrg.
- FolkOrg søker Slottet om Kongepokal for Landskappleiken kvart år. Klassa det blir søkt om Kongepokal i, rullerer. Det er finalistane i A-klasse/seniorklassa i den klassa som Slottet har gjeve Kongepokal til, som konkurrerer om Kongepokalen.

## B. Landskappleiken (NM i folkemusikk og folkedans)

**Føremål: Landskappleiken skal bidra til å ta vare på og styrke dei eldste vokal-, spel- og danseformene det er tradisjon for i kvart distrikt.**

### 9. Tevlingsnummer på Landskappleiken

Under Landskappleiken syng/spelar, dansar ein – eller dansar til – det eldste tilfanget frå eit tradisjonsområde, innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5.

### 10. Klasseinndeling på Landskappleiken

Det blir tevla i følgjande klasser:

Vanleg fele	Solo	A – B – C – D	Konsertfinale
Hardingfele	Solo	A – B – C – D	Konsertfinale
Vokal folkemusikk	Solo	A – B – C – D	Konsertfinale
Eldre folkemusikkinstrument: langeleik	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Eldre folkemusikkinstrument: munnharpe	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Eldre folkemusikkinstrument: fløyter	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Andre eldre folkemusikkinstrument	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Durspel	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Gruppespel		Junior og senior	Konsertfinale
Lagspel		Junior og senior	Konsertfinale
Open klasse			Konsertfinale
Pardans hardingfele		A – B – C – D	Konsertfinale
Pardans vanleg fele		A – B – C – D	Konsertfinale
Halling		A – B – C – D	Konsertfinale
Lagdans		junior og senior	Konsertfinale
Instrumentutstilling			

Deltakarane i soloklassene på fele/hardingfele/halling/vokal og pardans blir delte i klasser.

- Klassene er definerte slik:
  - Klasse A for dei som gjennom to landskappleikar i klasse B har oppnådd fyrste premiegrad, det vil seie at utøvaren har fått 75 poeng eller meir.
  - Klasse C og junior for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 år til og med det

kalenderåret dei fyller 18 år. Utøvarane kan velje om dei vil stille i klasse B eller klasse C det kalenderåret dei fyller 18 år.

- Klasse D for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 60 år.
- Rekrutt for deltakarar til og med det kalenderåret dei fyller 11 år. På Landskappleiken er det inga rekruttklasse.
- Klasse B for alle andre over 18 år. I pardans kan ein som er 18 år eller yngre stille i B-klasse dersom dansepartnar er over 18 år.
- A-klassingar som ikkje har stilt opp på Landskappleiken på over fem år, kan velje om dei deltek i klasse A eller klasse B. A-klassedansarar kan stille i B-klasse dersom dansepartnar ikkje er kvalifisert til A-klasse, men vedkommande kan ikkje i tillegg stille i A-klasse med same dans.
- Deltakarar over 60 år kan velje om dei vil delta i klasse D eller i den klassa dei tidlegare har delteke i.

## 11. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele to slåttar eller fleire slåttar i to kuler med maksimum fem minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart, eller med ulik karakter. Ulik karakter kan til dømes vere ulike stille, oppbygging og uttrykk.
- Ein skal ikkje nytte noter.

### *Lagspel*

- I lagspel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vere berande instrument med minimum fem personar på det berande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

### *Gruppespel*

- Grupper er definerte som to–fire personar som spelar same instrument.
- Gruppene kan stille med hardingfele, fele og eldre folkemusikkinstrument.

### *Eldre folkemusikkinstrument*

- Alle instrumenta deltek i ei blanda startrekkefølge i same tevling, men resultatlistene blir sorterte ut frå instrumenttypar.

### *Dansespel*

- På Landskappleiken er det faste dansespeleprisar for både dans til fele, dans til hardingfele og halling.
- Det er dansedommarane som deler ut prisane til beste dansespel.

## 12. Tevling i vokal folkemusikk

- I vokal folkemusikk er framføringstida ca. to–seks minutt for å få nokolunde likt samanlikningsgrunnlag. Dersom visa er lang, er det nok med ei.
- Ein skal ikkje nytte skriftleg hjelpetekst.

## 13. Tevling i dans

### *Pardans*

- Paret blir dømt samla.
- I pardans kan ein delta med to dansar i same klasse, uavhengig av taktart. Om ein stiller med to dansar i same taktartar, må dansane vere ulike. Dansar i ulik taktart kan vere frå same tradisjonsområde.
- Frå dei områda som har tradisjon for stutte dansar, kan det framførast fleire dansar etter kvarandre. Maksimumstid: fem min.
- I juniorklassa er det høve til å danse med følgje, men følgjet må i så fall også vere junior. I seniorklassa er det ikkje høve til å danse med følgje. D-klassingar har høve til å danse med følgje (dvs. at berre ein av deltakarane er påmeld til tevlinga).
- Det er høve til å stille med erstattar dersom ein dansar i paret har forfall.
- Utøvarane kan bli pålagde å danse samtidig med andre par.
- Tevlinga i dans er avgrensa til bygdedansane.

### *Lagdans*

- Lagdans senior: Minimum fem par og maksimum ti par, ev. minimum fem og maksimum ti hallingdansarar.
- Lagdans junior: Minimum tre par og maksimum ti par, ev. Minimum tre og maksimum ti hallingdansarar.

## 14. Open klasse

- I open klasse vil ein oppmode til å bruke så vel eldre samspelformer og instrumentsamansettingar, som nytenking og eksperimentering.
- Klassa er for både solospel, samspel, vokal og dans.
- Framføringstida per startnummer må vere over 2 minutt og maksimalt 6 minutt.

## 15. Finale under Landskappleiken

### Konsertfinale (publikum sit)

- I dei klassene det er finale i, skal dei tre beste frå den ordinære tevlinga i A-klassene/seniorklassene tevla i ein finale om den innbyrdes rekkjefølgja.

- I finalen framfører dei to melodiar, og utøvarane kan ikkje nytte noko av det repertoaret dei brukte i kvalifiseringa.
- Dei skal sjølve presentere det dei skal framføre.
- I danseklassene det er finale i, skal dei tre beste frå kvalifiseringa i A-klassene delta i ein finale for å avgjere den innbyrdes rekkjefølgja.
- Finalistane må danse same dans som i kvalifiseringa.
- Styret har bestemt at det skal vere finale i desse klassane frå Landskappleiken 2019 – 2026:

2019: Spel hardingfele (KP), spel fele, vokal

2020: Avlyst

2021: Avlyst

2022: Durspel (KP) og spel fele (KP)

2023: Eldre folkemusikkinstrument (KP) og halling (KP)

2024: Vokal (KP), spel hardingfele, durspel

2025: Dans hardingfele (KP), spel fele, eldre folkemusikkinstrument

2026: Dans fele (KP), halling, vokal

*KP = Blir søkt om kongepokal i denne klassen*

## 16. Instrumentutstilling

- Instrumentutstillinga omfattar hardingfele, vanleg fele, langeleik, eldre folkemusikkinstrument som tre- og beinfløyter, lur, bukkehorn og munnharpe.
- Hardingfeler og vanleg feler skal dømmast.
- Langeleik kan óg dømmast dersom det er ønskjert om det.
- Instrumentutstillinga arrangerast kvar andre år (partalsår).
- Instrumenta må ikkje vere eldre enn to år, og dei må ikkje har vore med på utstillingar tidlegare.

## C. Landsfestivalen i gammaldansmusikk (NM i gammaldans)

**Føremål: Landsfestivalen i gammaldansmusikk skal bidra til å ta vare på og styrke gammaldansen det er tradisjon for i kvart distrikt.**

### 17. Tevlingsnummer på Landsfestivalen

- Under Landsfestivalen syng/spelar, dansar ein - eller dansar til - den eldste gammaldansen frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5. Det skal spelast dansbar musikk.

### 18. Klasseinndeling på Landsfestivalen

Det blir tevla i følgjande klasser:

Solo durspel	Senior og junior	Dansespelfinale
Solo fele/hardingfele	Senior og junior	Dansespelfinale
Solo trekkspel	Senior og junior	Dansespelfinale
Solo andre instrument og vokal	Senior og junior	Dansespelfinale
Samspel	Senior og junior	Dansespelfinale
Lagspel		Dansespelfinale
Lagspel durspel/trekkspel		Dansespelfinale
Grupper		Dansespelfinale
Pardans	Senior og junior	Konsertfinale
Lagdans	Senior og junior	Konsertfinale

- Juniorklassa er for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 år, til og med det kalenderåret dei fyller 18 år. Solo juniorklassane har ikkje eigne klassefinaler, men ei «Super junior-finale».

### 19. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele to slåttar eller fleire slåttar i to kuler med maksimum fem minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter. Ulik karakter kan til dømes vere ulike stille, oppbygging og uttrykk.
- Det skal vere dansekompetanse i dommarpanelet i alle seniorklassene, og ein skal syte for at det er god kompkompetanse i dommarpanelet i lagspelklassene og i gruppespel.
- Ein skal ikkje nytte noter.

#### *Lagspel fele/hardingfele*

- I lagspel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vere berande instrument med minimum fem

personar på det berande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

#### *Lagspel durspel/trekkspel*

- I lagspel durspel/trekkspel skal durspel eller trekkspel vere berande instrument med minimum fem personar på det berande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

#### *Gruppespel*

- Grupper er definerte som minst fire personar.
- For grupper er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar, men er det fem eller fleire på det berande instrumentet så skal ein stille i lagspel.

#### *Samspel junior*

- Samspel junior er definert som minst to personar.
- For samspel junior er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.

#### *Samspel senior*

- Samspel senior er avgrensa til duoar og trioar.
- For samspel senior er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.

#### *Solo andre instrument og vokal*

- Det er ingen avgrensingar på type instrument.
- Kun eitt instrument eller vokal per startnummer. T.d. kan ein ikkje både syngje og spele gitar i same startnummer.

## **20. Tevling i dans**

### *Pardans senior*

- Paret blir dømt samla.
- Det er maks seks par i kvar av kvalifiseringsrundane.
- Paret skal under kvar runde danse fire dansar: pols/masurka, reinlender, vals og polka.
- Para blir delte i kvalifiserings- og finalerundar etter om dei skal danse pols eller masurka. Elles blir parfordelinga trekt.
- Det skal vere minimum to grupper som spelar til tevlinga. Både pols- og masurkatradisjonen skal vere representert. Gruppene blir valde ut av den lokale arrangøren i samråd med FolkOrg.
- Finalistane kan bli tekne frå alle kvalifiseringsrundane.
- Det er ikkje høve til å danse med følgje, eller å delta to gonger.
- Det er høve til å stille med erstattar dersom ein dansar i paret har forfall.

### *Pardans junior*

- Paret blir dømt samla.
- Det er maks seks par i kvar av kvalifiseringsrundane.
- Paret skal under kvar runde velje sjølv å danse to av desse fire dansane: pols/masurka, reinlender, vals og polka. Desse dansane skal deltakarane gie opp når dei melder seg på.
- Para blir delte i kvalifiserings- og finalerundar etter kva dansar dei skal danse. Elles blir parfordelinga trekt.
- Det skal vere minimum to grupper som spelar til tevlinga. Både pols- og masurkatradisjonen skal vere representert. Gruppene blir valde ut av den lokale arrangøren i samråd med FolkOrg.
- Finalistane kan bli tekne frå alle kvalifiseringsrundane.
- Det er høve til å danse med følgje, men følgjet må i så fall også vere junior.
- Det er høve til å stille med erstattar dersom ein dansar i paret har forfall.

### *Lagdans junior og senior*

- Lagdans senior: Minimum fem par og maksimum ti par.
- Lagdans junior: Minimum tre par og maksimum ti par.
- Laga skal velje ein dans av desse fire dansane: pols/masurka, reinlender, vals og polka.
- Ved påmeldinga fører laget opp kva dei ynskjer å danse.

## **21. Finalar i spel under Landsfestivalen i gammaldansmusikk**

- Finaleforma for alle klassene under Landsfestivalen med unntak av danseklassene er dansespelfinale (publikum kan danse).
- I ein dansespelfinale spelar utøvarane ein finaleomgang til dans for publikum. Talet på finalistar, med unntak av gruppespel og lagspel fele/hardingfele, blir rekna ut etter faktisk deltakartal, korkje fleire eller færre :
  - Frå 7 til 10: 3 finalistar
  - Frå 11 til 20: 4 finalistar
  - Frå 21 til 30: 5 finalistar

- 31 eller fleire: 6 finalistar
- I gruppespel og lagspel fele/hardingfele skal det vere 6 finalistar.
- Soloklasser spelar fire slåttar til dans i finalen.
- Grupper, lag og samspel spelar fire slåttar til dans i finalen , i tillegg til ein lydprøve-lått på 30 sekund.
- **Melodiar brukt i kvalifiseringa kan ikkje nyttast i finalen. Unnataket er i juniorklassar (solo og samspel) der deltakarane kan nytte same repertoar i både kvalifisering og finale.**
- Deltakarane med høgast poengsum frå solo junior-klassane kjem til ei «Super junior-finale». Antalet i finalen vert rekna ut på same måte som i kulepunkt 2 ovanfor.

## 22. Finale i dans under Landsfestivalen:

- Talet på finalistar i kvar klasse blir rekna ut etter faktisk deltakartal, korkje fleire eller færre :
  - Frå 7 til 10: 3 finalistar
  - Frå 11 til 20: 4 finalistar
  - Frå 21 til 30: 5 finalistar
  - Frå 31 til 40: 6 finalistar
  - Frå 41 til 50: 7 finalistar
  - Frå 51 til 60: 8 finalistar
  - 61 eller fleire: 9 finalistar
- Alle finalistane i pardans vert rangert.

## D. Samanslegne arrangement – Landskappleiken

Dette tevlingsoppsettet og desse tevlingsreglane kan nyttast dersom ein eit år berre har arrangør til anten Landskappleiken eller Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Namnet på arrangementet skal vere Landskappleiken. I tevlingsreglementet nyttar ein uttrykket «samanslegne arrangement».

**Føremål: Det samanslegne arrangementet skal bidra til å ta vare på og styrke dei eldste vokal-, spel- og danseformene og gammaldansen det er tradisjon for i kvart distrikt.**

## 23. Tevlingsnummer på samanslegne arrangement

Under det samanslegne arrangementet kan ein både spele, syngje og danse til bygdedansmusikk og dei eldste gamaldansformene frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5.

## 24. Klasseinndeling under samanslege arrangement

Det blir tevla i følgjande klasser:

Vanleg fele	Solo	A – B – C – D	Konsertfinale
Hardingfele	Solo	A – B – C – D	Konsertfinale
Vokal folkemusikk	Solo	A – B – C – D	Konsertfinale
Eldre folkemusikkinstrument: langeleik	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Eldre folkemusikkinstrument: munnharpe	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Eldre folkemusikkinstrument: fløyter	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Andre eldre folkemusikkinstrument	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Durspel/trekkspel	Solo	Junior og senior	Konsertfinale
Gruppespel		Senior	Dansespelfinale
Samspel junior		Junior	Dansespelfinale
Lagspel		Junior og senior	Konsertfinale
Open klasse			Konsertfinale
Pardans hardingfele		A – B – C – D	Konsertfinale
Pardans vanleg fele		A – B – C – D	Konsertfinale
Lausdans		A – B – C – D	Konsertfinale
Pardans gammaldans		Junior og senior	Konsertfinale
Lagdans		junior og senior	Konsertfinale

For definisjonar av utøvarar og klasser sjå punkt 4 og kulepunkta under punkt 10.

## 25. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele to slåttar eller fleire slåttar i to kuler med maksimum fem minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter.

### *Eldre folkemusikkinstrument*

- Alle instrumenta deltek i ei blanda starttrekkfølgje i same tevling, men resultatlistene blir sorterte ut frå

instrumenttypar.

#### *Gruppespel*

- Grupper er definerte som minst to personar.
- For grupper er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.

#### *Samspel junior*

- Samspel junior er definert som minst to personar.
- For samspel junior er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.

#### *Lagspel*

- I lagspel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vere berande instrument med minimum fem personar på det berande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

#### *Dansespel*

- På Landskappleiken skal det vere faste dansespelprisar for både dans til fele, dans til hardingfele og halling.
- Det er dansedommarane som deler ut prisane til beste dansespelemann som spelar for dansepar i tevling.

### **26. Tevling i vokal folkemusikk**

- I vokal folkemusikk er framføringstida ca. to–seks minutt for å få nokolunde likt samanlikningsgrunnlag. Dersom visa er lang, er det nok med ei.
- Ein skal ikkje nytte skriftleg hjelpetekst.

### **27. Tevling i dans**

#### *Pardans fele/hardingfele*

- Paret blir dømt samla.
- I pardans kan ein delta med to dansar i same klasse, uavhengig av taktart. Om ein stiller med to dansar i same taktart, må dansane vere ulike. Dansar i ulik taktart kan vere frå same tradisjonsområde.
- Frå dei områda som har tradisjon for stutte dansar, kan det framførast fleire dansar etter kvarandre. Maksimum tid: fem min.
- I juniorklassa er det høve til å danse med følgje, men følget må i så fall også vere junior. I seniorklassa er det ikkje høve til å danse med følgje. D-klassingar har høve til å danse med følgje (dvs. at berre ein av deltakarane er påmeld til tevlinga).
- Det er høve til å stille med erstattar dersom ein dansar i paret har forfall.
- Utøvarane kan bli pålagde å danse fleire par samtidig på scena.
- Tevlinga i dans er avgrensa til bygdedansane.

#### *Pardans gammaldans*

- Paret blir dømt samla.
- Det er maks seks par i kvar av kvalifiseringsrundane.
- Paret skal under kvar runde danse fire dansar: pols/masurka, reinlender, vals og polka.
- Para blir delte i kvalifiserings- og finalerundar etter om dei skal danse pols eller masurka. Elles blir parfordelinga trekt.
- Det skal vere minimum to grupper som spelar til tevlinga. Både pols- og masurkatradisjonen skal vere representert. Gruppene blir valde ut av den lokale arrangøren i samråd med FolkOrg.
- Finalistane kan bli tekne frå alle kvalifiseringsrundane.
- Det er ikkje høve til å danse med følgje.
- Det er høve til å stille med erstattar dersom ein dansar i paret har forfall.
- Alle finalistane blir rangert.
- Talet på finalistar blir rekna ut etter faktisk deltakartal etter same reglar som under dansespelfinale under punkt 19.

#### *Lagdans*

- Minimum fem par og maksimum ti par, ev. minimum fem og maksimum ti lausdansarar.

### **28. Open klasse**

- I open klasse vil ein oppmode til å bruke så vel eldre samspelformer og instrumentsamansettingar, som nyttenking og eksperimentering.
- Klassa er for både solospel, samspel, vokal og dans.
- Framføringstida per startnummer må vere over 2 minutt og maksimalt 6 minutt.

### **29. Finalar under det samanslegne arrangementet**

Ved samanslegne arrangement avgjer styret i FolkOrg kva for klassar det blir finale i.

